

**Vyrde Redaktør.**

**Til mi store undring les eg på uskedalen.no eit lesarinnlegg der Eskil Moen frå FRP går til åtak på Venstre.**

Mi inderlege bøn til redaktøren og til styret i Uskedalen Utvikling er at denne nettavisa ikkje må bli eit organ for politisk diskusjon. uskedalen.no er eit informasjonsmedium for det som skjer i bygda Uskedalen. I allefall må det som vert skrive, fylgja redaktørens formålsparagraf om at saka gjeld Uskedalen. Kva har lesarinnlegget frå Eskil Moen å gjera med Uskedalen? Dersom ein ynskjer eit diskusjonsforum på uskedalen.no, må dette bli under ei ny fane på velkomstsida.

Sidan FRP no er komen til orde, bed eg om at den angripne får svara. Kvinnherad Venstre har no i 2 valperiodar hatt på programmet at vi vil endra på skulestrukturen. Grunnen er at vi ynskjer god skule for alle i vår kommune. Vi ynskjer ikkje at det er følelsar for bygda det gjeld, som skal bestemmas skulestrukturen. Ser ein på folketalsutviklinga i kommunen dei siste ti åra, kan ein ikkje på noko vis sjå samanheng mellom skulenedleggjing og folketalsutvikling. Vi kan nevna Holmedal, Seglem, Løfallstrand, Baugstranda.

Venstre ynskjer at det er eleven som står i fokus. Likeins er læraren den viktigaste ressursen i skulen. Om ein køyrer frå Sandvoll til Rosendal - ein tur på ca 35 min - passerar ein ikkje mindre enn 8 barneskular. Då ser en tydeleg at det ikkje vert lang reisetid for elevane sjølv om nokre skular vert lagt ned.

Å samla ressursane, å få eit større sosialt samkvem for elevar og lærarar og for å spara på utgiftene med så mange skulebygg, er grunnen for at Venstre ynskjer å endra skulestrukturen. Vi får mange tilbakemeldingar frå foreldre og lærarar som ynskjer seg til ein større skule med større ressurser.

Venstre har heile tida og i alle diskusjonar meint at Uskedal skule skal bestå som eigen skule. Kvinnherad Venstre respekterer dei vedtak som er gjort i kommunestyret, men vi må ha lov å fortelja til velgjarane korleis vi ynskjer ein betre skule i vår kommune - spesielt no i ein valkamp.

Kjell Yri  
ordførarkandidat  
Uskedalen